

«MOTTAKERNAVN»  
«KONTAKT»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

2007/303 - 1806/2007      «REF»      Bjørg Sandal, 51 96 38 07      18.04.2007

## Høyring - helse 2020

Vedlagt følgjer utkast til strategi for vidareutvikling av spesialisthelsetenesta i helseregionen. Dokumentet er sett saman på bakgrunn av grundig arbeid i faggruppene samt innspel og synspunkt undervegs i prosessen, både frå interne og eksterne aktørar.

Helse Vest ber om at helseføretaket sender ei samla høyingsfråsegn innan 27. juni 2007. Det er viktig at så mange som mogleg får høve til å melde inn synspunkta sine. Vidare er det svært viktig at brukarutval, tillitsvalde og vernetenesta er inkluderte i høyingsprosessen i helseføretaket.

Høyingsutkastet skal drøftast i styret i helseføretaket – før den endelege høyingsuttalen blir sendt til Helse Vest.

Vedlagde dokument blir sendt på høyring til mange aktørar. Vi oppmodar difor til å gi ei mest mogleg kortfatta høyingsfråsegn, med eit særleg fokus på dei vegval og føringar som ligg i dokumentet.


Høyingsbrevet sender du elektronisk til:

[helse@helse-vest.no](mailto:helse@helse-vest.no) eller per post til Helse Vest RHF, Postboks 330, 4066 STAVANGER.

Planen er at strategidokumentet skal godkjennast endeleg i styremøtet i Helse Vest RHF den 5. september.

Helse Vest nyttar samstundes høvet til å takke for god arbeid og positiv involvering i alle fasar av prosjektet. Vi meiner at vi i dag har eit svært godt felles grunnlag for å vidareutvikle spesialisthelsetenesta på Vestlandet.

Helsing



Oddvard Nilsen  
styreleiar